Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9

Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kvås

Emne: Lauving

Bygdelag:

Oppskr. av: Arne Skuestøl

Gard:

(adresse): p.t. Kvås

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. 1. Lauving vert bruka enno. Lauvet vert rekna både som årvisst for og hjelpefor. Vert det lite høy, vert det teke meir lauv.

2. Tida for lauving er seinsommar eller haustonna. Serleg vert lauv av osp, raun og bjørk nytta. Or og selje er rekna for dårleg for. Arbeidet med sankinga heiter lauving.

3. Når ein nyttar reidskap er det jamnast sigd. I seinare år også lauvkniv. Elles er det mykje vanleg å bryta kvistene av med handa. Risping av lauv nyttar ein ikkje.

4. Det vanlege er å ta lauv av nedhogne tre. Kylling vert nok nytta før, men er no sjeldsynt. Nokon viss tidsfrest mellom kvar kylling har eg ikkje høyrt gjeta. Ein kallar det å „kjylla."

5. Noko serleg bidne til å ha lauvet i har eg ikkje høyrt om. Bjørkelauv vert stundom berre hakka og turka på bakken, raka saman og køyrt inn. Elles er det vanlege å laga kjerver. Kjervane vert køyrde heim og turka på høystaden eller på brevet. (Altså i skruggen.)

1872

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6. Kjervane vert frakta heim med ein gong utan å turka dei.
7. Lauvet vert teke både i innmark og utmark. Karane styver med trea, og kvinnene bryt av kvistene og kjervar.
8. Kjervane vert lagde oppå höyet, eller på eit stev med same dei er friske og nylauva. Lauv nyttar ein som for til hest, ku og sau. Til vanleg får hest og ku ein kjerv om gongen, sauene ein kjerv for kvar 2 eller 3 dyr. Kyrne får helst lauv midt på dagen, og hesten om kvelden.
9. Ask og raun er rekna for beste lauvet. Einast osp. Or og selje er ringt for.
10. Lauv til gris har eg aldri höyrt gjeti.
11. Lauvteigar og fellesauving ukjend her.
12. Sjå 11.
13. Sjå sp. 7.
14. Sjå 11.
15. Do.

---

B. 1. Lauv som er raka saman på bakken, er lite nytta. Einast er askelauv og stundom eikelauv. Då det er lite nytta, har det ikkje noko serskilt namn.
2. Ask og eik.
3. Vert raka saman med vanleg höyrive.
4. Lauvet vert frakta heim i sekk eller kipe.
5. Både menn, kvinner og born kan gjera dette arbeidet.
6. Lauvet vert lagt i ein haug i löa eller i eit skjol.
7. Dette foret vart gjeve som tilskotsfor, oftast saman med höyet. Rakelauv vert nytta til kyr og sauer.

1872

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8. Rakelauv – ask undantekke – er rekna som ringt for.

9. Det vart delvis nytta under siste krig.

1872
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING